

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Nina Bognøy (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret. Bognøy gjekk frå under vurderinga om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bognøy ikkje var inhabil. Bognøy tiltredde saksbehandlinga.

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivareteken. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.
2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.
3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.»

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

For å sikre gode løysingar som sikrar kulturskattar innan rimeleg tid, må ein sjå på om ein kan finne eit eller fleire eksisterande bygg i marknaden som kan brukast, og med mindre ombyggingar/oppgraderingar kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommunar og fylke for store summer økonomisk. Her må ein vurdere følgjande kriterar:

1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpassingsmoglegheiter
2. Avklare med kommunane kor stor økonomisk deltakarvilje ein har til totalsum.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, FRP fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølve tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.»

### Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, FRP, UA) og fall.  
Bratli Dale sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).  
Innstillinga fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.  
Framnes sitt forslag fekk 3 røyster (FRP, UA) og fall.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til

prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivareteken. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.

3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.